

Delegasjonsreglement

Arbeidsutval for Ørsta sokneråd

§1 Mandat

I følge §10 i Reglar om formene for sokneråd og kyrkjeleg fellesråd si verksemd fastset soknerådet i delegasjonsreglement kva mynde som er lagt til arbeidsutvalet.

§2 Utøving av delegert mynde

2.1 Ørsta sokneråd gjev arbeidsutvalet (AU) mynde til å gjere vedtak på vegne av soknerådet i samsvar med vedtekne planar og budsjett, og som ikkje er av prinsipiell art.

2.2 Prinsippsaker og saker som er særst viktige skal leggjast fram for soknerådet for vedtak. I saker som bør avgjerast før det er mogeleg å samle soknerådet kan AU ta avgjerd. Møtebok frå AU skal leggjast fram for soknerådet som meldingssak.

2.3 All utøving av mynde skjer på Ørsta sokneråd sine vegne og ansvar, og skal utøvast i samsvar med lover, reglar og retningsliner gjevne av soknerådet.

2.4 Delegert mynde kan til ei kvar tid trekkjast attende, og delegerande organ kan sjølv ta avgjerd i saka. Delegerande organ kan overprøve og omgjere underordna organ sitt vedtak innanfor ramma av forvaltningslova §35.

2.5 Mynde som er delegert til arbeidsutvalet kan utvalet delegere vidare så langt det er lovleg tilgong til det og og ikkje anna er vedteke.

§3 Fortolkning

Dersom det er grunnlag for tvil om ei sak skal handsamast av AU med heimel i delegasjonsreglementet vert saka lagt fram for soknerådet.

§4 Endring av reglement

Endringar av reglementet kan berre gjerast av soknerådet.

§5 Innføring av reglement

Vedteke av Ørsta sokneråd 9.1.2007